

VENNSKAP JERIKO-LÆRDAL (JERIKOLAGET)

ÅRSMELDING 2021

Styret for Vennskap Jeriko-Lærdal har i 2021 vore slik samansett:

Audun Mo (ordførar, styremedlem)

Jan Geir Solheim (sekretær)

Berit Kaardal (kasserar)

Maritha Tønjum Skjerdal (nestleiar)

Anna Jorunn Avdem (leiar)

vara: Jan Olav Fretland

vara:

vara: Kari Blåflat

vara: Kristin Bolstad

vara: Ingebjørg Voll

Audun Mo, Jan Geir Solheim og Jan Olav Fretland er valde av Lærdal kommune for perioden 2019–23. Kommunen har ikkje valt ny varamedlem etter at Jan Geir Solheim gjekk inn som fast styremedlem. Dei andre styremedlemmene er valde av årsmøtet i Vennskap Jeriko-Lærdal (VJL). Valnemnd er Rein Arne Golf og Olaug Skjerdal, og Lars Øyvind Vikesland er revisor.

Som 2020 vart også 2021 sterkt prega av koronapandemien. Besøk mellom Jeriko og Lærdal var ikkje aktuelt, og det var også så sterke restriksjonar på å samlast at vi heller ikkje har arrangerert møte eller liknande. Men vi har prøvt å ha jamleg digital kontakt med Jeriko og elles halda oppe den aktiviteten som har vore mogeleg.

I mars hadde ordføraren og eit par andre av oss i styret ein dugnad på rådhuset der vi fann fram nokre av gåvene som ordførarane gjennom åra har fått i samband med besøk til og frå Jeriko. Desse stilte vi ut i ein glasmonter som Jerikolaget kjøpte inn og i samråd med kommuneleiinga fekk plassert i inngangspartiet på rådhuset. Vi synest dette vart ein fin måte å visa fram Lærdal sin offisielle vennskapskommune på. Vi kjøpte samstundes også inn to glasmontrar til Jerikobui, slik at vi får betre utstilling av varene der.

På grunn av koronaen kunne ikkje ordførar Salem Ghrouf i Jeriko koma og halda 17. mai-talen i Lærdal i 2020, og dette vart heller ikkje mogeleg i 2021. I staden bad vi han senda ei helsing til den digitale 17. mai-feiringa, og det gjorde han. Marwan Samarat i Jeriko omsette helsinga til engelsk, Anna laga norsk omsetjing og kulturkonsulent Guro Nesse la tekstinga oppå opptaket. Slik vart dette ei fin og forståeleg helsing frå Jeriko til lærdølene på nasjonaldagen. I samarbeid med Guro Nesse har vi også fått lagt ut att litt informasjon om vennskapen med Jeriko på Lærdal kommune si heimeside, sidan dette hadde falle ut. Men no kan ein atter lesa litt om Lærdal sin vennskapskommune, under kultur.

Den største innsatsen i 2021 har vi lagt ned i Jerikobui. Også denne sommaren var det mykje norske turistar i Lærdal, og vi hadde mange innom både for å handla og å høyra om vennskapen. Dugnadsgjengen heldt bui open på tysdagar og torsdagar i sommar, på julemarknaden 20. november og på torsdagane elles i året. Vi har eit fint samarbeid med Brukthjørna om opningstider og marknadsføring. Vi fekk inn mykje nye varer til jul og hadde ein god julehandel, men kunne nok ynskt at fleire lærdøler kom innom Jerikobui. I dugnadsgjengen er Kristin Bolstad, Mia Hovland, Kari Blåflat, Anna Sofie og Magnar Ljøsne, Marie Pettersson, Gunn Hauge, Ingebjørg Voll, i tillegg til Maritha, Berit og Anna frå styret. Vi takkar alle for trufast innsats! Ikkje minst takkar vi også Britt Isdal og Knut Lindstrøm for at vi får nytta det fine butikklokalet. Det er heilt eineståande, og som eit uttrykk for takksemda vår fekk dei fekk ein fin brodert løper frå Kvinnesenteret i Abu Dis til jul. Vi takkar også vareleverandørane til Jerikobui for godt samarbeid: Dei fleste varene kjøper vi frå Palestinabutikken Al Quds i Oslo, olivenoljen

kjøper vi frå Lifegate Rehabilitation, og broderia frå Kvinnesenteret i Abu Dis har vi i kommisjon frå Signe Marie Breivik.

Den 2-5. september arrangerte Nablusforeninga i Stavanger seminar for kommunane som har vennskap med palestinske kommunar, jf. det vi arrangerte i Lærdal våren 2019. Berit og Anna representerte Vennskap Jeriko-Lærdal i Stavanger, og elles var desse vennskapsforeiningane til stades: Tromsø-Gaza, Nes-Jayyous, Hamar-Khan Younis og Sarpsborg-Belehem. Det var eit inspirerande og godt program, og ikkje minst var det både nyttig og triveleg å treffa gamle og nye vennskapsarbeidskollegaer. Eit av emna som vi drøfta, var at vi ikkje lenger har nokon felles «paraply» over vennskapsforeiningane etter at Vennskap Nord-Sør vart lagt ned. Vi drøfta difor om vennskapsforeiningane skal melda oss inn i Fellesutvalget for Palestina for å ha eit felles forum, i lag med andre palestinavenner. Styret i VJL tilrår innmelding, men finn det rett å leggja denne saka fram for årsmøtet.

Jerikolaget har heilt stabilt medlemstal, 70 betalande medlemmer, som i fjor. Styret har hatt tre styremøte. Ordførar Audun og leiar Anna sende også dette året eit offisielt julebrev til Jeriko.

Styret takkar alle for godt samarbeid i 2021 og håpar optimistisk at 2022 vil gje oss betre høve til besøk og møte enn vi hadde i fjor.

Lærdal 21. januar 2022

Styret i Vennskap Jeriko-Lærdal

Anna Jorunn Avdem

